

Innspel frå Fjellnettverket til Bionova

Fjellnettverket er eit politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Noreg. Vi arbeider for å sette viktige tema for fjellområda på dagsorden og for å skape livskraftige bygder.

Fjellandbruket

Landbruket i fjellområda er kjenneteikna av små og mellomstore bruk. Samla høyrer 20 prosent av alle aktive gardsbruk heime i våre område. På fjellgardane finn vi 22 prosent av alle landets mjølkekyr og ein tredjedel av alt storfe og all sau på utmarksbeite. Fjellandbruket er viktig for å sikre sjølvforsyning, berekraftig samfunnsutvikling og bruk av ressursane innanfor naturens tåleevne framover.

Produksjonen fjellandbruket er prega av kort vekstsesong og bruk av utmarksbeite. Dette gir mogelegheit for matproduksjon av høg kvalitet, men gjer det utfordrande å drive økonomisk lønnsamt. Fjellnettverket meiner det er svært viktig å oppretthalde drift og gjere næringa og spesielt små og mellomstore bruk økonomisk lønnsame.

Fjellnettverket meiner den største utfordringa for landbruket i våre område er därleg lønnsemnd og små marginar. Liten inntening og store utgifter, går spesielt ut over små og mellomstore gardsbruk. Bionova må sikre at omlegging til eit meir klimatilpassa landbruk ikkje fører til auka utgifter til landbruket, men gir mogelegheit til utvikling og endring av drift over heile landet.

Om Bionova

Fjellnettverket støttar regjeringa i at Bionova vil kunne vere eit viktig tiltak for å sikre omlegging til eit meir berekraftig samfunn. Klimaløysingar i landbruket er viktige for storsamfunnet. I næringa er det eit stort potensial til å gjere viktige omleggingar for å redusere klimautsleppa. Nærings sjølv har vist vilje til dette gjennom sin klimaavtale med regjeringa, der dei har forplikta seg til å redusere utsleppa med 5 mill. tonn CO₂-ekvivalenter innan 2030.

Vi registrerer at i budsjettforliket vart mandatet til Bionova utvida. Fjellnettverket meiner det er landbruket som bør prioriterast i denne ordninga og at det bør øyremerkast midlar til landbruket.

Føresetnaden for at Bionova blir eit godt verkemiddel er tilstrekkeleg finansiering. Fjellnettverket foreslår 12,5 milliardar til tiltak øyremerka for landbruket. Bionova bør ha i sitt mandat å støtte landbrukets samfunnsoppdrag.

Landbruks- og matdepartementet ber om innspel på tre område og på vegne av medlemmene har Fjellnettverket følgjande innspel:

Kjerneoppgåver:

Bionova bør vere eit verkemiddel for å sikre dei fire måla Stortinget har vedteke for norsk landbruk: Matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, økt verdiskaping og et berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar.

Bionova sine midlar bør prioriterast slik at dei bidreg til å oppfylle landbrukets klimaplan.

For å få til ei omlegging til meir klimavennleg produksjon, må tiltaka gjennomførast av kvar enkelt bonde på dei 39 000 gardsbruka i Noreg. Bionova bør difor finansiere konkrete klimatiltak på kvar enkelt gard. Målgruppa bør vere bonden sjølv og Bionova bør utviklast slik at det er ei rettigheitbasert ordning og ein del av verktøykassa til bonden.

Landbruket i Noreg har store variasjonar og Bionova må ta sikte på å ta omsyn til ulike typar drift og ulike klima og vekstsoner.

Tiltaka bør dekke auka driftskostnader ved omlegging til meir klimavennleg jordbruk. Det må skje både med at utsleppa i matproduksjonen blir reduserte og at matproduksjon og landbruk skjer slik at mest mogeleg karbon blir bunde i jorda. Då treng kvar enkelt bonde økonomi til å gjere dei naudsynte tilpassingar i drift og investeringane.

Utfordringar som ikkje løysast ved dagens verkemidlar

Dei konkrete klimatiltaka må gjennomførast på kvar enkelt gardsbruk. I dag er det fleire ordningar retta mot større verksemder og andre næringar.

Innanfor landbruket set tiltak mot næringa set ofte store krav til eigenfinansiering. Eller krav til storleik på gardsbruk. Bionova bør ta sikte på å dekke kostnadene til kvar enkelt bonde.

Landbruket, og særleg for små og mellomstore gardsbruk, er ei næring med små økonomiske marginar. I ein økonomisk krevjande situasjon, som landbruket no har, er det viktig at omlegging til meir klimavennleg produksjon ikkje fører til auka kostnader. Det handlar ikkje berre om sjølv investeringskostnaden, men òg risikoen endringa medfører i driftsopplegget på garden. Bionova bør derfor redusere risikoen for bønder som vil ta i bruk nye løysingar for ein meir berekraftig matproduksjon og dekke kostnadene til dette.

I landbruket opplever mange bønder framtida og inntektene til bonden som usikker, det er difor viktig med ei rettigheitsbasert ordning.

Det ligg eit potensial med auka inntekter og lønnsamheit i omlegginga, til dømes kan ein vurdere tilskotsordningar for karbonbinding, som det finnes for andre næringar. Auka inntekter i landbruket vil vere viktig for å oppretthalde og auke sjølvforsyninga i Noreg.

Organisering

Fjellnettverket meiner det er viktig at Bionova organiserast slik at ordninga får lite administrasjonskostnader og at det blir brukarvenleg for bøndene.

Fjellnettverket meiner det i størst mogeleg grad må knytast opp til eksisterande ordningar og til dømes Innovasjon Noreg.

For å sikre kunnskap og kjennskap til næringa bør arbeidet lokaliserast til ei distriktskommune i sentralitetsklasse fem eller seks.